



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 22.05.2023

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

## PROTOKOLL TIL MØTE NR. 12 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023

**Stad:** Microsoft Teams  
**Tidspunkt:** Måndag 22. mai 2023, kl. 20.00-22.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

**SAK 85 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 86 21-23** Godkjenning av protokoll LK møte nr. 11 21-23

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

**SAK 87 21-23** Krimslaga i langrenn 2023-2024  
**SAK 88 21-23** Kostnad skismurning til nasjonale renn og meisterskap  
**SAK 89 21-23** Saker til vårmøte 2023  
**SAK 90 21-23** Handlingsplan 2021-2023  
**SAK 91 21-23** Rulleski-cup 2023  
**SAK 92 21-23** NSF Langrenn Vårmøte 2023

#### EVENTUELT

---

**TIL STADES:** Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Torstein Blikra, og Kennet Dvergedal (adm.)

#### FORFALL:

#### MERKNADER:

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

#### REFERATSAKER

**SAK 85 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

#### VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

### SAK 86 21-23

#### Godkjenning av protokoll LK møte nr. 11 21-23

##### Bakgrunn

Protokoll LK møte nr. 11 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

##### VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenn protokoll LK møte nr. 11 21-23.

### DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 87 21-23

#### Krinslaga i langrenn 2023-2024

##### Bakgrunn

Informasjonsskriv for krinslaget og impulslaget i langrenn for sesongen 2023 og 2024 er sendt ut til aktuelle utøvarar og LK per e-post.

I skrivet ba ein om tilbakemelding dersom nokon var interesserte i deltaking på enkeltsamlingar utan å binde seg opp til krinslagspakke eller "vinterpakken". Følgjande utøvarar har kome med tilbakemelding om å delta på enkeltsamlingar:

- Ingeborg Borkamo
- Mali Engesæter
- Ludvig Rørvik
- Ingeborg Rørvik
- Sigrid Orheim Mundal
- Lars Ove Kusslid (impuls)

##### VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om at adm følgjer opp utøvarar som ønskjer enkeltsamlingar og får oversikt over kva samlingar som er aktuelle. Vidare lagar ein eit tilbod på pakke med inntil 3 samlingar for aktuelle utøvarar.

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om at senior løparar som er med på satsingslaget "Team Vest" får innpass på krinslagssamlingar i sommar. Utøvarane betalar kostnadar med samlingane sjølve.

### SAK 88 21-23

#### Kostnad skismurning til nasjonale renn og meisterskap

##### Bakgrunn

Gjennom deltaking på krinslaget i langrenn i Sogn og Fjordane blir det organisert felles smøreopplegg til nasjonale renn og meisterskap.

Langrennskomiteen organiserar kvalifiserte smørarar, og dekkar reise og overnatting for desse.

Utøvarar betalar fast pris på kr. 300,- pr skipar som blir smurde til NC jr. og sr.

Kostnadar for produkt til skismurning nasjonale renn og meisterskap 2023:

Arrangement	Dato	Total kostnad smurning:
NC jr. Lillehammer	06.-08.01.23	Kr. 31 464,-
NM sr. Vind	19.-22.01.23	Kr. 5 392,-

NC jr. Voss	10.-12.02.23	Kr. 40 841,-
NC Åsen	17.-19.02.23	Kr. 7 127,-
NM jr. Alta	03.-05.03.23	Kr. 32 689,-
NC MjøsSki	10.-12.03.23	Kr. 6 464,-
NM sr. Tolga	29.3-01.04	Kr. 5 298,-

### VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om at leiari og adm. tek eit evalueringsmøte med støtteapparat for å kartlegge bruk av smøreprodukt, evaluering av ”smøremodellen”, og pris.

### SAK 89 21-23

#### Saker til vårmøte 2023

##### Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøte 2023 skal avviklast 3. juni i Førde i samband med Skikrinstinget 2023.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram for Skikrinstinget/ Vårmøte laurdag 3. juni:

Kl. 09.30-12.00: Vårmøter i alpint, hopp/kombinert, og langrenn

Kl. 12.00-13.00: Lunsj

Kl. 12.00-13.00: Skikrinstinget 2023

I forrige komitémøte, sak 80 21-23, gjorde langrennskomiteen vedtak om å lage til eit informasjonsskriv som blir sendt til klubbane i framkant av vårmøte.

### VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande:

Saker til informasjonsskriv:

- Breiddesamlingar
- Krinslaget 2023-2024
- Team Elon Vest (team Vest)
- Økonomi/ marked

Saker til vårmøte:

- Oppsummering av sesongen 2022-2023
- Evaluering krinslagssesongen 2022-2023
- Rekruttering
- Rammer for terminlista 2023-2024
  - o Rulleskicup

### SAK 90 21-23

#### Handlingsplan 2021-2023

##### Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg vedlagt.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen drøfta planen i møtet. Adm. følgjer opp punkta i revidering av ny handlingsplan 2023-2025.

#### **SAK 91 21-23**

#### **Rulleski-cup 2023**

##### **Bakgrunn**

Langrennskomiteen bør drøfte om ein skal ta initiativ til kretsrenn/ -cup på rulleski hausten 2023.

Framlegg til cup:

<b>Dato</b>	<b>Stad</b>	<b>Stil</b>	<b>Merknad</b>
03.09.23	Ullsheim Skistadion	Rulleski fri	
17.09.23	Vik Skistadion	Rulleski fri	
15.10.23	Langeland Skistadion	Rulleski fri	Eninvest skiskule

I møtet vart det gjort drøftingar til rulleskicup:

- Samarbeid med Møre og Romsdal skikrets og Hovdebygda IL med rulleskirenn ved Ullsheim.
- Legge fleire rulleskirenn til Langeland der Førde IL og Gaular IL allereie har fleire etablerte rulleskirenn i løpet av hasuten.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å ta opp saka til vårmøte 2023.

#### **SAK 92 21-23**

#### **NSF Langrenn Vårmøte 2023**

##### **Bakgrunn**

Norges Skiforbund held sine vårmøter ved Scandic Oslo Airport 16.-17. juni 2023. Fagmøte langrenn blir avvikla desse dagane. Meir informasjon finn ein på nettsidene til Skiforbundet:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/varmote-2023/>

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at dei som ønskjer kan delta på vårmøte.

#### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)  
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef